



STORD
KOMMUNE



Prosedyre

Barn med nedsett funksjonsevne i Stord kommune

Gjeld frå august 2018

BARN MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Barnehagelova § 19 g. Barn med nedsatt funksjonsevne

Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.

Kommunen skal sikra at barn med fysisk, psykisk og kognitiv funksjonsnedsetting får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod i kommunen dei bur i. Dette for at dei skal kunna gjera seg nytte av barnehageplassen. Dette er barn som ikkje får dekkja behova sine gjennom dei generelle tilretteleggingskrava til barnehagen.

Døme på tilrettelegging kan vera at kommunen syt for at barnehagen har det nødvendige utstyret, støtte til bygningsmessige endringar eller støtte til ekstra bemanning.

Kravet om individuell tilrettelegging krev at det er varig relasjon mellom barnet med nedsett funksjonsevne og barnehagen som får plikt til individuell tilrettelegging. Det betyr at kortvarig funksjonsnedsetting fell utanfor.

Plikta om individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet omfattar ikkje tiltak som inneber ei uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderinga av om tilrettelegginga inneber ei uforholdsmessig byrde, skal det særleg leggast vekt på tilrettelegginga si effekt for å byggja ned funksjonshemmande barrierer, dei nødvendige kostnadane ved tilrettelegginga og verksemda sine ressurser. Barn kan difor i unntakstilfelle verta tilbydd plass i ein annan barnehage enn den føresette ynskjer dersom individuell tilrettelegging ved den ønska barnehagen er uforholdsmessig byrdefull.

For barn med omfattande hjelpebehov, og som treng mykje utstyr i barnehagen, vil barnehageplass i Skogatufto barnehage verta vurdert sjølv om føresette har prioritert annan barnehage. Dette fordi ei avdeling i Skogatufto barnehage er særleg tilrettelagt for barn med stort hjelpebehov. Ordninga gjeld for søkjarar til plass i både privat og kommunal barnehage.

Føresette søkjer om tilrettelegging i samråd med barnehage/helsestasjon/PPT.

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbodet til barn med nedsett funksjonsevne.

Link søknadsskjema på kommunen si heimeside:

[Tilrettelagt barnehagetilbod](#)

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Stord kommune nyttar samarbeidsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) for å sikra heilskapleg og koordinert innsats for barn, unge og familiar så snart som mogleg etter at det er oppstått uro for dei. Modellen sikrar at innsatsen vert dokumentert og fremjar god overgang og samordning mellom dei ulike tenestene.

Den samordna innsatsen skal gjennomførast i nært samarbeid med føresette og i dialog med barnet. Link til informasjon om ordninga på kommunen si heimeside:

<https://stord.betreinnsats.no/>

SPELALPEDAGOGISK HJELP

Barnehagelova § 19 a. Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.

Spesialpedagogisk hjelp kan gis til barnet individuelt eller i gruppe. Hjelpen skal omfatte tilbud om foreldrerådgivning. Kommunen skal oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn bosatt i kommunen.

Eit barn kan ha trong for spesialpedagogisk hjelp frå det er fødd. Den øvre grensa for spesialpedagogisk hjelp er når barnet har nådd opplæringspliktig alder. Den opplæringspliktige alderen er til vanleg det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom barnet har fått utsett skulestart, har barnet rett til spesialpedagogisk hjelp fram til det byrjar på skulen. Retten til spesialpedagogisk hjelp gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Barn i asylmottak har rett til spesialpedagogisk hjelp når det er venta at barnet skal vera i Noreg i meir enn tre månader.

Barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp - rett til fri skyss

Barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a har rett til fri skyss når det er nødvendig for å ta imot denne hjelpa, jf barnehagelova § 19 f Rett til skyss for barn med rett til spesialpedagogisk hjelp..

Føresette som vil søkja om skyss, fyller ut eige skjema for dette. Skjemaet ligg på kommunen si heimeside. Det må leggjast ved dokumentasjon på kvifor vanleg transport til og frå barnehagen vil vera særleg byrdefull. Søknaden skal sendast kommunen ved Utviklingsgruppa. Dette gjeld både kommunale og private barnehagar. Utviklingsgruppa fattar vedtak. I vedtaket skal det informerast om grunngeving for vedtaket, klageatilgang, klagefrist og framgangsmåte ved klage. Klaga skal sendast til Utviklingsgruppa i kommunen. Dersom klaga ikkje vert imøtekommen, kan ho sendast vidare til fylkesmannen.

Utviklingsgruppa ordnar med skyss og dekkjer utgiftene.

Link til søknadsskjema: [Søknad om barnehageskyss](#)

Saksgang - barn med særlege behov i barnehage

PPT	Når	Ansvar	Samarbeid
Tilvising til PPT	Heile året	Føresette/ barnehage/ helsestasjon/m.fl	Føresette/barnehage/ helsestasjon/m.fl.
Tilvising til PPT når eit barn har barnehageplass i ein annan kommune enn det er busett i Gjeld og fosterbarn	Heile året	PPT i kommunen der barnet har barnehageplass	
Tildeling sakshandsamar PPT	Ved motteken tilvising	Leiar PPT / inntaksteam	
Sakkunnig utgreiing	Innan rimeleg tid, om lag 3 månader etter melding	Leiar og sakshandsamar ved PPT	Føresette/barnehage/ eventuelt andre instansar
Tilbakemelding til føresette og barnehage under utgreiinga	Fortløpande	Sakshandsamar ved PPT	
Skriv sakkunnig vurdering på bakgrunn av barnet sine behov	Fortløpande	Sakshandsamar ved PPT	Vurderinga vert sendt føresette/barnehage/ fagavdeling OUT
Fagavdeling OUT	Når	Ansvar	Samarbeid
Vedtak om spes.ped.hjelp	Fortløpande	Fagleg rådgjevar	Fagleg rådgjevar og føresette
Vedtak om spes.ped.hjelp når eit barn har barnehageplass i ein annan kommune enn det er busett - gjeld og fosterbarn	Fortløpande	Heimkommunen	Det er barnet sin heimkommune som har det økonomiske ansvaret for spes.ped. hjelpa
Spes.ped. team	Når	Ansvar	Samarbeid
Fordeling av barn som har fått vedtak om spes.ped. hjelp	Fortløpande ved nye vedtak i løpet av året	Koordinator for spes.ped.teamet	Spesialpedagogane
Spesialpedagog tek kontakt med barnehagen,	Fortløpande	Spesialpedagog	Spesialpedagog/ barnehage
Oppstartsamtale og samarbeidsmøte	Ved oppstart, i førekant av IUP og ved behov	Spesialpedag og barnehage	Spesialpedag/ barnehage/føresette
Utarbeiding av IUP i samsvar med sakkunnig vurdering og enkeltvedtak	Fortløpande	Spesialpedagog	Spesialpedag/ føresette/barnehage/ PPT/m. fl.
Gjeld barn som skal byrja på skulen: IUP Halvårsrapport: kopi til skulen etter samtykke frå føresette	15. januar	Spesialpedagog	Barnehage/føresette
Årsrapport IUP	30. juni	Spesialpedagog	Spesialpedagog i samarbeid med føresette/barnehage

Samtykke overføring av IUP og rapportar til skulen	Jamfør overgangsplan barnehage/skule	Barnehage	Føresette/spes.ped./barnehage
Møte overgang barnehage - skule	Jamfør overgangsplan barnehage/skule	Barnehage	Barnehage/føresette/spes.ped./skule

Saksgang - barn med særlege behov som ikkje går i barnehage

PPT	Når	Ansvar	Samarbeid
Tilvising til PPT	Heile året	Føresette/helsestasjon/barnevern/m.fl.	Føresette/helsestasjon /barnevern/m.fl.
Vidare saksgang som for barn som går i barnehage			

Ansvar og oppgåver ved spesialpedagogisk hjelp i barnehage

Styrar

skal sjå til at det einskilde barnet får den spesialpedagogiske hjelpa det er gjort vedtak i høve til, og at det vert sett inn tiltak i tråd med enkeltvedtaket. Dette inneber mellom anna:

- Leggja til rette for samarbeid mellom spesialpedagog, pedagogisk leiar og anna personale med særskilde oppgåver vedrørande barnet.
- Syta for at personalet får rettleiing/opplæring ved behov.
- Leggja til rette rom og utstyr ut frå barnet sine behov.

Pedagogisk leiar

har det daglege ansvaret for tilbodet til alle barna i si barnegruppe. Pedagogisk leiar har vidare ansvar for at personalet på barnegruppa er kjend med mål og tiltak for enkeltbarn *på same måte som dei skal vere kjend med barnehagen sine mål og rammer.*

Pedagogisk leiar har ansvar for å invitera føresette til samarbeid om mål og tiltak for det spesialpedagogiske arbeidet. Foreldresamtale bør finna stad minst ein gong per halvår, i tilknytning til utarbeiding og justering av IUP. Spesialpedagog og eventuell ekstra assistent bør delta på disse samtalane.

Spesialpedagog

har i oppgåve å gje spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder. Hjelpa skal vera i tråd med tilråding frå PPT og enkeltvedtak.

Spesialpedagogisk hjelp tek utgangspunkt i tildelte årstimar. Arbeidet kan organiserast i bolkar, timar per veke, og liknande. Ein time med spesialpedagogisk hjelp er på 60 minutt. Spesialpedagogene lagar oversyn kvar veke over kor mange timar barna har fått.

I tillegg til spesialpedagog kan hjelpa omfattast timar med assistent. Desse timane er ein del av den spesialpedagogiske hjelpa. Assistenten som gjev spesialpedagogisk hjelp må vera kvalifisert for oppgåva. Når assistent skal gje spesialpedagogisk hjelp, er det særleg viktig med jamnleg rettleiing. Det må vera avklara kva for tiltak assistenten har ansvar for.

NB: I ein inkluderande barnehage har både styrar og personalgruppa barna som sitt felles ansvar.